

Vår 2014 1.utkast	r-609	j	g	Det første språket du lærte. Norsk
		x		

Tida mi ved N1 Skule

No har eg berre 5 veker igjen på N1 Skule, og no skal eg fortelje litt om mine 7 år her.

Siste året i barnehagen gleda eg med til å begynne på skulen. Men når dagen kom grua eg meg, og eg klengete oppå mamma heile dagen. Det gjekk bra på første dagen på skulen, fordi at eg kjente igjen mange frå barnehagen.

I 1. og 2.klasse hadde vi F1 som lærar. Eg hugsar at ho song veldig masse med oss. Eg synest lekser i 1.klasse var altfor enkel.

I 2.klasse kom det ei ny jente i klassen vår! Det var F2. Eg var den einaste som kjente ho frå før av, så ho klengete veldig masse oppå meg. Eg hugsar og at vi tok ei sprøyte som eg grua meg veldig til. Eg og M1 satt og grein. Vi hadde med foreldre når vi tok sprøyta, eg hadde med mamma. Eg hugsar eg spurte mamma om vi kunne reise heim men ho sa sjølvsagt, nei.

I 3.klasse fekk vi F3 som kontaktlærar, og ho hadde vi til 4.klasse. Eg hugsar at eg vart lei meg fordi vi ikkje hadde F1 lenger. Men då eg blei kjent med F3 gjekk det bra. Eg hugsar at ho snakka masse og litt sakte då.

Eg var egentlig berre med F4, F5 og F2 heilt til 4.klasse, då fekk eg meg ein ny venn som heiter F6. I begynnelsen av 4.klasse kom det ein ny gut som heitte M2. Han var veldig sjenert i begynnelsen, men etter kvart vart han den nye "sjefen" i klassen. Seinare kom det endå ei ny jente i klassen, ho kom på vinteren. Det var F7, ho og kjente eg frå før av. Alle jentene i klassen krangla om å bli venn med F7. Men det vart meg og F7 og F6 som vart best kjent med F7.

I 5.klasse skifta vi lærar igjen, det vart M3 som vart den nye læraren vår, og han er læraren vår i dag. Eg hugsar eg synest han såg veldig skummel ut, men han var egentlig snill som eit lite lam.

6.klasse hugsar eg at vi reiste på overnattingstur med klassen i lavvo rett ovanfor skulen. Det var gøy! Vi hoppa rundt i soveposane og spelte masse kort. Seinare på året reiste klassen på ei hytte på S1, men morgningen vi skulle reise vart eg sjuk og hadde halsbetennelse. Eg fikk derfor ikkje reist. Då hugsar eg at eg vart kjempe sur.

I 7.klasse slutta to av elevane i klassen, M4 og M2. M4 bytta skule til N2 Barne Skule, og M2 bytta til N3 Skule. På byrjinga av skuleåret reiste vi til S1 på leirskule. Vi lærte masse om S2 og alle fiskane som var der. Vi fekk masse fiske, og eg hugsar at mi gruppe fekk ein hai. Det gøyaste var diskoen på kvelden. Det er noko av det kjekkaste eg har vert med på i mi tid på N1.

Eg kjem til og savne N1 Skule veldig masse. Spesielt klassen min og læraren min.